



Advokatfirmaet Harris  
Pb 4115 Sandviken  
5835 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1927 - 15/13169

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
05.11.2015

## Delings sak gbnr 45/1/118 Manger - frådelling av festetomt - delingsløyve

Delegasjonssak nr.: 292/2015

### Heimelshavar

Søkjjar er Advokatfirmaet Harris på vegne av Opplysningsvesenets fond.

Festar er Karstein Mangersnes. Det er opplyst at festar etter avtale skal bere omkostningane med delinga.

### Tiltak

Radøy kommune har den 16.10.15 motteke søknad om deling av festetomt i Kyrhovden til sjølvstendig grunneigedom for eksisterande heilårsbustad.

Festetomta er registrert med eit areal på ca 885 kvm. Oppmåling vil måtte fastsetje endeleg areal og grensar.



### Planstatus

Det vert søkt om frådeling av tomt til heilårsbustad i tråd med reguleringsplan for Kyrhovden bustadfelt vedteke av kommunestyret i Radøy 29.04.1982.



**Nabovarsling**

Søknaden er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.

**Infrastruktur**

Det er ikkje søkt om endringar i dagens situasjon. Tomta har veg, vatn og avløp.

Det skal vere parkering og plass til å snu på eigen grunn.

**Lovgrunnlag**

Søknad om deling skal handsamast etter plan- og bygningslova § 20-1 m.

**Vurdering:**

Slik kommunen urderer søknaden er denne i tråd med arealføremål i godkjent reguleringsplan for Kyrhovden bustadfelt.

**Vedtak:**

Det vert gjeve løyve til deling av eksisterande festetomt.

Grunngjeving for vedtaket er at deling er i tråd med reguleringsplan.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 20-1 m.

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk forvaltning Tonje Nepstad Epland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Advokatfirmaet Harris

Pb 4115 Sandviken 5835

BERGEN